

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: VOSS GYMNAS

Tal elevar skuleåret 2015/16:

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	88%
2015/16	86%

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	3,95 %	7,9 %
	2015/16	4,08 %	4,7 %
Standpunkt	2014/15	2,06 %	1,76 %
	2015/16	3,37 %	0,92 %
Eksamen	2014/15	4,05 %	
	2015/16	3,43 % (Extens)	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	8,49
	dagar	3,66
2015/16	timar	10,12
	dagar	5,57

1.4 Andel sluttarar Avbrotsgdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	5,6 %
2015/16	3,7 %

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Voss gymnas nyttar seg av ei rekke tiltak for å sikre overgangane. Vi har to opne dagar der vi møter 9.klasse på våren og utprøving av programområde i 10.klasse på hausten. Vi vitjar ungdomsskulane kvart år for å informere. Ved skuestart har vi ein startsamtale med elev og kontaktlærar der foreldra er inviterte. Dersom kartleggingsprøver, startsamtale, eller rapport frå OT/PPT viser ekstra behov har vi støttetiltak i matematikk og framandspråk. For å sikre overgang mellom nivåa har vi fagleg kartlegging i matematikk og engelsk. Mellom vg1, vg2 og vg3 har vi klasselærarråd der informasjon om klassane vert utveksla. Elevane vert systematisk følgt opp av kontaktlærar, elevinspektør, rådgjevarar, avdelingsleiarar og elevkoordinator. Elevar som i løpet av skuleåret har stort fråvær eller som får IV eller stryk ved 1.terminoppgjer vert, saman med foreldre, kalla inn til samtale med ein frå leiinga for å gå igjennom situasjonen og vurdere tiltak. Elevar som ligg an til stryk eller IV på T1 karakteren vert kalla inn til eigne møte med avdelingsleiar og foreldre.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Vi har ein sterk auke i elevar som slit med psykiske vanskar, og vi etablerer difor sterkare band til psykisk helseteneste. Ressursteamet arbeider grundig og løpande med å følgje opp desse elevane.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Vi har i år fokusert på faste klasselærarråd for å sikre at alle lærarane i ein klasse følgjer opp desse og andre elevar. Klasseteama arbeider systematisk med klasse- og læringsmiljø. Vi har også trekantmøte med avdelingsleiar.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16**2.1 Vurdering for læring**

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

I all hovudsak ein god vurderingspraksis, men framovermeldingar som treff for alle elevar er ei utfordring, det same er eigenvurdering hos elevane

--

2.1.2 utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

Å få eigenvurdering til å bli ein integrert del av undervegsvurderinga og ein del av læringsarbeidet hos eleven.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

IKT vert nytta i aktivt i mange fag. Både elevar og lærarar kan oppleve at nettet vert brukt til utanomfaglege aktivitetar i timane utan at vi alltid greier å kontrollere dette. På prøver er det ei utfordring av stenge mobile nett for elevane

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Mobile nett på prøver, og integrering av nye plattformer i pedagogisk bruk.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Klasseleiing er nøkkelen til mykje godt pedagogisk og psykososialt arbeid med lærings- og klassemiljø. Vi har fokusert vårt utviklingsarbeid for skuleåret 15/16 om dette. Systematisk bruk av klasselærarråd er viktig. I tillegg har vi hatt klasseteammøte og trekantmøte med avdelingsleiar. Vi fekk ein liten auke i score på Elevundersøkinga som vi kanskje kan sjå som knytt til dette prosjektet.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Klasselærarane sitt felles arbeid med lærings- og sosialt miljø i klassane (regelhandtering, vurderingspraksis, oppfølging av elevar, osv)

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Utvikling av klasseteam og trekantmøte. Vi har tillitsvalde frå elevane med inn i møta. Tema går på klassemiljø og læringsmiljø.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Omstillinga av dei vidaregåande skulane på Voss gjev mange utfordringar også for elevane. Vi tenkte at det å sikre best moglege tilhøve i klassen var og er særskilt viktig i denne fasen.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Avdelingsleiarane har hatt jamn oppfølging.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Ei auka bevisstgjerjing trur vi vi ser.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Ja jfr pkt 3.2. Dette gjeld framleis og etter evaluering er dette noko folk meienr er gode og viktige tiltak og arbeidsområde.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Gjennomgang av undervisningsevaluering som del av medarbeidarsamtale, gjennomgang av resultat elevundersøking, gjennomføring av prosjektet og evaluering av det (møte ved jul, undersøking ved årsslutt)

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Bruk av ITsL med notat på prosjekt.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Alle er tilordna eit eller fleire klasseteam. Vi har hatt ei evaluering på ITsL på våren og eit undervegs møte rundt jul.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Elevrådet er engasjert i gjennomføring, vurdering og utvikling av utviklingsarbeidet gjennom målretta arbeid i elevrådet, tema på heildagssamling og gjennom med høve til framlegg til nye

tema.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Å få rett balanse mellom deltakarar i klasseteam i forhold til klasselærarråd (der alle lærarar skal møte, gjeld saker rundt einskildelevar). Vi kan ikkje ha alle lærarar inne i alle klassar, det let seg ikkje gjere, men vi treng eit visst tal for både forplikting og realisering av avtalar.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Gjennomgang av dokumentet og arbeid med det i planleggingsperioden hausten 2016. Sendt ut våren 2016 til gjennomlesing.

Evaluering av årsprosjektet for 14715 gjev god støtte for å halde fram med same prosjekt neste skuleår,